ALARMSENTRALEN
SOGN OG FJORDANE IKS
Brannmeldina 110

Florø 1. juli 2016
Dykkar ref. 2015/9946/KAVI

Direktoratet for samfunnssikkerhet og Beredskap
Postboks 2014
3103 Tønsberg

Klargjering av klagegrunnlag – Detaljering av prosjektplan for samlokalisering av 110 sentral i Distrikt Vest

Vi viser til vårt brev av 3. april 2016 og til dykkar brev av 26 mai 2016. I dykkar e-post 22. juni gjev de oss utvida frist til å detaljere prosjektskisse og klargjere klagegrunnlaget til 1 juli.

Innleiingsvis vil vi presisere at vi ikkje har kommentarar til vedtak om ny inndeling i 110 regionar. Dette gjeld også val av hovudsete der Bergen kommune er pålagt å organisere 110 tenester for kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane, ref. dykkar brev av 15. mars.

Vi har saman med Bergen Brannvesen laga ein meir detaljert prosjektplan som vi er einige om. Vi har til intensjon å prøve ut virtuelle samlokalisering av sentralane stegvis over ein 3 års periode. Den stegvise utviklinga skal understøttast av faglege utgreiingar og ROS-analysar. Erfaringane med arbeidet skal då evaluerast i 2020. Planen dekkjer dykkar behov for ytterlegare dokumentasjon av prøveprosjektet som var skissert av Sogn og Fjordane Fylkeskommune i brev til Justis- og beredskapsdepartementet 24. november 2015. Vi har finansiering for aktivitetar i 2016 og vi vil søkje regionale utviklingsmidlar for 2017-2020.

På grunn av kort tid til å utarbeide planen har vi ikkje hatt høve til å detaljere virtuell samlokalisering mellom 112 og 113 sentralane i Distrikt Vest. Dette arbeidet vil vi fylgje opp. Den knappe tida har også gjort at vi tek atterhald om merknader til planen i styrande organ for 110 tenestene i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Vi opprettheld vår klage på grunnlag av manglande avklaring på tapskompensasjon dersom 110 sentralen i Sogn og Fjordane må leggja ned som fylgje av dykkar samanslåingsvedtak. Dette gjeld dersom prosjektplan vi no legg fram ikkje vert godkjend, eller sentralen i Florø vert lagt ned etter prøveperioden på 3 år. Vi kan ikkje sjå at eigarar av 110 sentralar kan handsamast ulikt avhengig av år for investering i sentralen slik Stortinget har lagt tilgrunn. Alarmsentralen i Sogn og Fjordane flytta til nye lokalar i 2008. For nærmare informasjon om våre krav viser vi til vårt brev av 1 desember 2015. Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS har også eit arbeids-gjevaransvar ovanfor tilsette og deira rettar må også takast omsyn til ved eventuell nedlegging av aktivitet i Florø.

Hilsen

Øyvind Bang Olsen
Styreleiar Alarmsentralen Sogn og Fjordane

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS
er ein interkommunal sentral med ansvar
for Brannmelding 110
i Sogn og Fjordane Fylke.

Faktura adr:
Postboks 264
6901 FLORØ

Kont/Postadr:
Strandavegen 13
6900 FLORØ

Telefaks: 57 75 14 01
Telefon: 57 75 14 00
Heimeside :
alarmsentralen.com

Foretaksnr: 971 361 883
Bankgiro:
3775.07.04183

ALARMSENTRALEN
SOGN OG FJORDANE IKS
Brannmeldinq 110

Kopi til:
Det kongelige justis og beredskapsdepartement, Postboks 8005 Dep,0030 OSLO
Bergen Brannvesen, Postboks 7700, 5020 BERGEN
Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger
Kommunane i Sogn og Fjordane

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS
er ein interkommunal sentral med ansvar
for Brannmelding 110
i Sogn og Fjordane Fylke.

Faktura adr:
Postboks 264
6901 FLORØ

Kont/Postadr:
Strandavegen 13
6900 FLORØ

Telefaks: 57 75 14 01
Telefon: 57 75 14 00
Heimeside :
alarmsentralen.com

Foretaksnr: 971 361 883
Bankgiro:
3775.07.04183